

Statuttar jordvernpris

1. Jordvernprisen skal inspirere til gode strategiar og tiltak for å ta vare på dyrka mark. Arbeidet som ein ønskjer å premiere kan skje gjennom regional og/eller kommunal planlegging eller gjennom andre aktive tiltak regionalt eller lokalt. Prisen skal framheve og motivere til nyskapande tiltak og planar, som legg godt til rette for at kommunane i mindre grad omdisponerer dyrka mark og finn gode alternativ i planlegginga.
2. Målgruppa for prisen er fylkeskommunar og kommunar som tek aktive grep i regionale planar og i kommune- og reguleringsplanar. Det kan òg vere kommunar og fylkeskommunar som får gode resultat i samarbeid eller partnarskap med andre aktørar gjennom planlegging, gjennomføring og praksis. Aktørane kan vere ulike partar innan offentleg politikk og forvaltning, næringslivet eller andre organisasjonar.
3. Prisen kan delast ut annakvart år og består av eit diplom og ei passande merksemd.
4. Fylkesmennene blir bedne om å hente inn kunnskap og sende inn grunna forslag på kandidatar til Landbruks- og matdepartementet. Forslagsretten er likevel open, og grunna forslag kan òg kome frå aktuelle organisasjonar og liknande.
5. Prisutdelinga bør skje lokalt eller i samband med eit arrangement med fagleg tilknytning til det premierte tiltaket.
6. Informasjonen og formidlinga rundt prisen er viktig som ledd i å fremje jordvern og god planlegging.
7. Juryen skal peikast ut av landbruks- og matministeren i samråd med KS for 4 år av gangen og skal bestå av 3-7 medlemmar. Juryen bør ha brei samfunnsmessig samansetting, erfaring frå planlegging, kunnskap om kommunal/fylkeskommunal forvaltning og representantar frå landbruksnæringa. Juryen skal fremje forslag til prisvinnar og kan òg gje heiderleg omtale til særskilde tiltak.
8. Utgiftene til prisen og juryen sitt arbeid blir dekte av Landbruks- og matdepartementet.

Dato: 17.10.2016